



Ullensvang  
kommune

# Kommuneplan

Samfunnsdel 2020-2032



Vedteke i kommunestyret 16.02.21



<b>Samfunnsdel 2020-2032</b>	0
<b>I Ullensvang 2032</b>	3
1. er berekraft grunnleggjande	3
2. er kommunen ein aktiv tilretteleggjar og pådrivar	3
3. er friluftsliv, mat og kultur verdskjend	3
4. er LKR-senter attraktive stader å bu, leva og arbeida for alle	3
5. har me levande bygder og sterke sentrum i utvikling	3
6. er turismen positiv	3
7. er kultur-, idretts- og reiselivet inkluderande	3
8. har me akseptabel infrastruktur	3
9. er næringslivet unikt, allsidig og aktivt	3
<b>Innleiing</b>	4
<b>Kva er Kommuneplanen sin Samfunnsdel</b>	6
Ord og omgrep	7
<b>Bakgrunnsinformasjon</b>	9
Folketal og bustetjingsmønster	23
Demografi	23
Struktur	23
Næringsliv	18
Utdanning	23
Folkehelse	24
Implikasjonar	26
<b>Føremøner</b>	27
Optimisme i næringslivet	27
Relativ god kommunal økonomi	27
Det grønne skiftet	27
Nasjonalparkane	28
Frivillige organisasjonar	28
Kultur	28
Tydelege identitetar	29
Urbanitet	29
Isolert arbeidsmarknad	30
<b>Problemstillingar</b>	31
Låg sentralitetsindeks	31
Demografi	31
Låg tettleik	32
Isolert arbeidsmarknad	33





Struktur	34
Store areal og lange avstandar	35
Hjørnesteinsverksemd	35
Omdøme	36
<b>Prosess</b>	37
Planprogram	38
Innspele	38
Politisk medverknad	39
Administrativ medverknad	39
Planforum	39
Politisk handsaming	39
<b>Forventa planeffekt på samfunnet</b>	40
Berekraft	40
Mangfald	42
Omdømme	43
<b>Struktur</b>	44
Hovudsatsingsområde	54
Mål	54
Berekraft er grunnleggjande i Ullensvang kommune	45
Ullensvang kommune er aktiv tilretteleggjar og pådrivar	46
Ullensvang er verdskjend for friluftsliv, mat og kultur	47
LKR-sentra er attraktive stader å bu, leva og jobba for alle	48
Ullensvang har levande bygder og sterke sentrum i utvikling	49
Turismen er positiv for Ullensvang kommune	49
Kultur-, idretts- og reiselivet i Ullensvang er inkluderande	51
Ullensvang har tilfredsstillande infrastruktur	51
Ullensvang har eit unikt, allsidig og aktivt næringsliv	52
Strategiar	53
Tiltak	54
<b>Tilhøve til andre planar</b>	55
Planstrategi	55
Arealdelen	55
Strategiske planar	55
Statlege og regionale føringar	55





## 1.1 Ullensvang 2032

1. er **berekraft** grunnleggjande
2. er kommunen ein **aktiv tilretteleggjar** og **pådrivar**
3. er friluftsliv, mat og kultur **verdskjend**
4. er LKR-senter **attraktive** stader å bu, leva og arbeida for **alle**
5. har me **levande bygder** og **sterke sentrum** i **utvikling**
6. er turismen **positiv**
7. er kultur-, idretts- og reiselivet **inkluderande**
8. har me **akseptabel infrastruktur**
9. er næringslivet **unikt, allsidig og aktivt**





## 2. Innleiing

Det overordna målet til kommuneplanen sin samfunnsdel er å styrkje heile kommunen. Dette skjer gjennom langsiktig og heilskapleg planlegging med fokus på berekraftig utvikling. For Ullensvang kommune tyder det at bygdene og utkantane skal ha høve til å utvikle seg, samstundes som at tettstadane skal bli betre gjennom god samfunnsplanlegging.

Kommuneplanen føreset at menneske kan bu og arbeida i heile Ullensvang kommune. Planen helsar som overordna styringsdokument utvikling av landbruk, industri, reiseliv og servicenæringar velkommen. Vi skal berekraftig foredling ressursane våre slik at det vert lagt til rette for attraksjonar som påverkar folketalet positivt.

Korleis styrkjer kommuneplanen Ullensvang kommune?

- Ved å gjera berekraft grunnleggjande, vil vi leggja grunnen for langsiktig levegrunnlag.
- Kommunen skal vere aktiv i å leggja til rette for private initiativ.
- Gjennom å styrka infrastrukturen gjer vi Ullensvang tryggare og meir konkurransedyktig

Korleis styrkjer kommuneplanen utkantane i kommunen?

- Alle grender skal ha tilgjengeleg byggjeland
- Kommunen skal støtte opp under landbruket
- Kommunen er i utgangspunktet alltid positiv til private initiativ.

Korleis styrkjer kommuneplanen tettstadane i kommunen?

- Alle tettstadane skal ha oppdaterte sentrumsplanar som legg til rette for utvikling.
- Det skal leggjast til rette for eit mangfald i alle tettstadane. Dette gjeld bustadar, arbeidsplassar og utemiljø med meir.

Ullensvang kommune har avgrensa ressursar og må prioritere kvar ein brukar desse. For at flest mogleg skal ha eit best mogleg tilbod er det viktig at rett funksjon vert lagt til rett plass. Utkantane har gode føresetnader for å drive jordbruk og andre arealkrevjande næringar i ulike former, men andre funksjonar som er naudsynte for innbyggjarane er og viktige her. Mellom anna er utkantane eit viktig ressursgrunnlag for livet i området, og reiselivet er spesielt sterkt. Utkantane er viktig del av å skapa identitet i kommunen. Det er viktig med eit tilfredsstillande tilbod innanfor ein akseptabel avstand.

Tettstadane skal oppretthalda eit godt tilbod til innbyggjarane, og desse tilboda skal vere tilgjengelege for alle. Det er i tettstadane dei fleste bur, og det er difor naturleg at dei største kommunale ressursane vert prioritert her.





Målet er at kommuneplanen sin samfunnsdel skal leggja til rette for at både tettstadar og utkantar i kommunen står sterkare i 2032 enn i dag. Det skal skje gjennom ei utvikling i heile kommunen, men med prioriteringar som samla sett vil gje eit godt resultat for flest mogleg.





### 3. Kva er Kommuneplanen sin Samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) er det mest overordna styringsdokumentet kommunane sjølve kan utarbeide.

#### PBL § 11-2. Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

*Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private. [...]*

KPS skal skildra korleis kommunen prioriterar i sitt arbeid. Kva vert lagt vekt på - og indirekte kva ein ikkje legg vekt på. Kvar satsar kommunen på at det skal skje utvikling. Kva er dei langsiktige måla og strategiane til kommunen. KPS skal leggja føringar for budsjett, handlingsprogram, kommuneplanen sin arealdel (KPA), og andre strategiske planar.

KPS er ikkje ein driftsplan for dei ulike sektorane. Den skal ikkje seia noko om dei lovpålagte oppgåvene. Den kan likevel leggja strategiske føringar for korleis det kommunale tenestetilbodet skal utviklast.





## Ord og omgrep

### LKR-senter:

Står for Lokal- Kommunedel og Regionsenter henta frå Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Her blir det fastsett kva nye tilbod som det skal leggjast til rette for på ulike senternivå. Det er ikkje ei sjekklister for kva tilbod som skal finnast på ein stad, eller kva som kvalifiserer ein stad til å liggje på dei ulike nivåa. Kva stader som blir lagt til dei ulike nivåa blir vurdert ut frå struktur, eksisterande tilbod, nærleik til andre senter og vekstpotensiale.

Senternivå	Stader	Tilbod
Regionsenter	Odda	Sjukehus, høgskule, politi, skattekontor, NAV med regionansvar, tannklinikk, VGS med breidt tilbod, OT/PPT for region, legevakt, lokalmedisinsk senter, interkommunale helsetenester, regionalt kulturhus, bibliotek, regionalt symjeanlegg.
Kommunedelsenter	Kinsarvik, Jondal	Spesialisthelseteneste, NAV-kontor, bibliotek, Den Norske kyrkja, legekontor/legevakt, kommuneadministrasjon, Eventuelt: Politi, kulturhus, symjebasseng, tannklinikk, VGS.
Lokalsenter	Røldal, Utne	Butikk, helseinstitusjon, barnehage, grunnskule
Nærsenter	Alle andre bygder	Eventuelt: barnehage/grunnskule

### Tettstad:

Som definert hjå SSB.no: Ei samling av hus der det bur minst 200 personar, og avstanden mellom husa normalt er mindre enn 50 meter. Skjønnsmessig avvik over 50 meter i område som ikkje skal eller kan byggast ut.

### Sentrumsområde:

Område definert i Kommuneplanen sin arealdel (KPA) som skal innehalde sentrumsfunksjonar, og som skal vere med i sentrumsplan for den aktuelle tettstaden.

### Mål:

Måla i KPS er dei langsiktige målsetningane kommunen set seg for planperioden. Kvar vil vi vere i 2032? Måla skal gjelde for heile planperioden, og skal vere styrande for prioriteringane kommunen gjer, utover lovpålagte tilbod.

### Strategi:

Strategiane legg føringar for korleis kommunen skal oppnå måla sine. Dei har ein medium tidshorisont med 4 år, dvs ein kommunestyreperiode. Ved kvart nye kommunestyre skal ein vurdere strategiane og deira effekt. Kvart nye





kommunestyre skal utarbeide eigne strategiar basert på dei langsiktige måla og viljen til dei folkevalde. Strategiane er knytt til kommuneplanen sin handlingsdel.

#### Tiltak:

Tiltak er dei enkelte politiske vedtak som blir fatta. Dei skal vere i samsvar med ein eller fleire strategiar.

#### Politisk strategi:

Politiske strategiar er avhengig av politiske løyvingar og ressursar

#### Arealstrategi:

Arealstrategiar er strategiar som ein kan direkte ta med i kommuneplanen sin arealdel.

#### Privat strategi:

Private strategiar er strategiar som er avhengig av privat engasjement. Kommunen skal ikkje initiere desse strategiane, men skal vere positiv og oppmøde dei i sakshandsaminga.

#### Sentralitetsindeks:

Ein indeks som viser tilgongen på arbeidsplassar og tilbod. Indeksen er satt saman av to delindeksar:

- Antal arbeidsplassar innafor 90 min reisetid
- Kor mange ulike typar servicetilbod innafor 90 min reisetid.

Indeksen er vekta slik at dess kortare reisetid, dess høgare score. Høgare score gir betre sentralitetsindeks.

#### Gåavstand:

Avstand under 600 m langs veg eller gang/sykkelveg på jamnt underlag som kan nyttast av rullestol, med mindre stigning enn 1:12.






## 4. Bakgrunnsinformasjon

Ein har nytta statistikk både frå statistikk.ivist.no, som er Vestland fylke sin statistikkportal, og SSB.no. Dette då dei har noko ulikt fokus, og med det noko ulike statistikkar. Utfordringa er at dei til dømes har veldig ulike oppfatningar av framskriving av folketal. Her er Vestland fylke negative, medan SSB.no er i hovudsak positive.

### a. Folketal og bustetjingsmønster

Folketalsutviklinga<sup>1</sup> i Ullensvang kommune er, og har vore negativ i lengre tid. 2018 og 2019 hadde nokre av dei største nedgongane i folketal siste 20 år. Det har vore positive trendar å spore mellom 2010 og 2017, der folketalet haldt seg stabilt og vaks i enkelte år. Dette hadde truleg samanheng med flyktningkrise og stor arbeidsinnvandring frå Aust-Europa. Vestland fylkeskommune ser dei to siste åra som ein retur til tidlegare trendar. Dette er gjenspegla i deira framskrivingar, som alle viser negative tal for Ullensvang kommune. Dette i kontrast til SSB, som generelt har positive utsikter for folketalet i Ullensvang kommune.

#### Folketalsutvikling



På grunnkrinsnivå<sup>2</sup> ser ein at utviklinga er ulik for ulike område av kommunen. Fleire grunnkrinsar visar framgang. Tettstadane, med unntak av Tyssedal og

<sup>1</sup> Etter tal frå Statistikk i vest: Statistikk.ivist.no Folketal i grunnkrinsar

<sup>2</sup> Desse kan finnast på kart.ssb.no på kartlaget Administrative grenser 2020 - Grunnkretsnavn 2020







Odda, veks. Grunnkrinsen Odda sentrum<sup>3</sup> har dei mest positive tala i kommunen, med 100 nye personar som er ein auke på 43% sidan lågaste folketal.

Det som trer tydeleg fram er at tettstadane veks medan utkantane synk. Ein har både eit fødselsunderskot, og det flyttar færre til kommunen enn ut av kommunen.

## Strukturendringar og sentralisering



## Folketal tettstader



Tyssedal er den store folketalstaparen i Ullensvang kommune, med 23% nedgong sidan 2000. Jondal, Kinsarvik og Lofthus er der det veks best. Frå det lågaste folketalet i perioden, så har alle tre ein vekst på omlag 10%. Røldal og Skare er meir stabile, men har ein svak vekstkurve. Kinsarvik har som einaste tettstad gjennom siste 20 år vist kontinuerleg vekst. Det har nok samanheng med fleire faktorar. Kinsarvik har hatt ei stor bustadsutbygging i Kaldhagen byggjefelt, som har sikra tilgang på nye bustadar. Det ser ein og i Odda sentrum, nye bustadar

<sup>3</sup> Her meiner ein grunnkrinsen som tidlegare hadde kode 12280311, og no heiter 46180311 Sentrum





fører til tilflytting. Det er lågblokkene på Almerket eit godt døme på. I Odda ser ein i mikroversjon det som skjer ellers i kommunen. Sentrum vert meir folkerikt, men veg ikkje opp for generell nedgong.

## b. Demografi

Dersom ein ser på folketalet<sup>4</sup> dei siste ti åra gjennom kohortar for kvart tiår, trer nokre klare trendar fram. Fødselstala held seg nokonlunde stabilt (2019 var unormalt lågt, medan 2020 var på normalen). Ungdommen blir ikkje verande, det er stor nedgong i aldersgruppa 10-19, heile 196 personar færre enn ved høgdepunktet i 2011. Det kan sjåast i samanheng med at aldersgruppa 40-49 har sterkast nedgong med 227 færre personar.


Aldersgruppa 20-29 har vist positive trendar, men har dei siste to åra hatt ein sterk nedgong. Det har delvis samanheng ei stor gruppe som fylte 30 år i 2017 og 2018. Ein ser derimot ikkje ei like stor auke i aldersgruppa 30-39, så her er det ein stor andel som ikkje lenger bur i kommunen. Dei aldersgruppene som har reell vekst er 60-69 og 70-79 med hhv 44 og 207 personar. Ellers held aldersgruppene seg relativt stabilt, med små variasjonar. Det er ein relativt stor auke i dei over 100, men dette er i utgangspunktet få personar det er snakk om.




<sup>4</sup> Tal frå SSB Folketal etter alder og Kommune 22.02.19



## Aldersfordeling



## Vaksne og Born




Fordelinga mellom born og vaksne er og i rørsle. Det vert stadig fleire vaksne per born. I løpet av ti år har dette endra seg frå 21% born til 19% born. På landsbasis er andelen 21%.





## Kjønnsbalanse




Alle innbyggjarane sett under eitt er det ei overvekt av menn i Ullensvang. Totalt er det 112 fleire menn enn kvinner i kommunen. At det ikkje er større skilnad skuldast at det etter fylte 70 blir klart fleire kvinner enn menn. Det som kanskje er mest overraskande er at det er ei relativt stor overvekt av menn allereie i dei yngste aldersgruppene. På landsbasis er det omlag 102 gutar per 100 jenter i aldersgruppa 0-9 år. I Ullensvang kommune er dette talet 105/100. Og det har jamt over vore ei større overvekt av gutar i ung alder enn forventa om ein går attende til 1986. Dette tyder på at forteljinga om at jentene flyttar vekk, kanskje ikkje er like sann som ein har blitt leia til å tru. Det har heilt frå unge år vore fleire gutar enn jenter.

Det syner seg og at det historisk har vore ei klar overvekt av kvinner i Ullensvang kommune, det er aldersgruppa 60+ som gjer det store utslaget. I andre enden av aldersskalaen har Ullensvangsamfunnet hatt mange tilflyttande unge menn.






### Kjønnsbalanse aldersgrupper



Ein ser at kjønnsbalansen har i løpet av dei seinare åra jamna seg ut noko innad i aldersgruppene. Det som har endra seg er at det no jamnt over er fleire menn. Det er eit utviklingstrekk som ser ut til å halda fram. Kjønnsbalansen i Ullensvang kommune er no meir i tråd med kjønnsbalansen ein ser i resten av landet, med ei svak overvekt menn.

### Aldersbæreevne



Ein ser klart ei negativ utvikling i aldersbæreevna i kommunen. Det er eit forholdstal som seier kor mange det er i arbeidsfør alder, 16 til 66 år, sett opp mot dei som ikkje lenger er i arbeid, dvs over 67. I år 2000 var aldersbæreevna i Noreg






omlag på 5, medan den i dag ligg på 3. Det er her den ligg i Ullensvang siste ti år, men er stadig synkende. Det er heller ikkje teikn på at denne utviklinga vil endre seg, berre bli sterkare. Dette er for øvrig eit trekk ved heile det norske samfunnet, og i store delar av den vestlege verda.

## c. Struktur


Einebustadar er heilt klart den leiande bustadforma i Ullensvang kommune med ein andel på 57%. Deretter kjem rekkjehus, bustadblokk og tomannsbustad med andelar på 10-12%. Det er og ein del bustadar under andre bygningstyper, som regel våningshus på gardsbruk, og nokre få bustadar i bufellesskap.

### Fordeling bustadstypar



Det vert stadig fleire bustadar i Ullensvang kommune. I 2019 var det omlag 300 fleire bustadar enn i 2010. Andelen einebustadar er stabil, sjølv om folketalsveksten skjer i sentrum av tettstadane. Det indikerer at ein ikkje byggjer i samsvar med dei endringane ein ser i samfunnet. Trenden er at ein vil bu sentrumsnært, medan ein byggjer for dei som vil ha hage og bu utanfor sentrum. Det er store variasjonar frå år til år kor mange bustadar som vart sett i gang og fullført. Dette vil vere naturleg når ein har så låge tal å vise til. Då vil store enkeltprosjekt få store utslag det året dei vert fullført.

### Igangsett og fullførte bustadar




Sidan folketalet har halde seg stabilt - men er på veg ned - og det stadig vert bygd fleire bustadar, går antal personar per bustad stadig ned i Ullensvang kommune. I 2010 var det 1,78 personar per bustad, medan den i 2019 var 1,66 personar per bustad. Tala for personar per hushaldning er ein del høgare, men






viser den same generelle trenden, med stadig mindre familiar. I 2010 var det 2,23 personar per hushaldning, medan det i 2019 var registrert 2,13 personar per hushaldning. Ein kan sjå ein forskjell mellom dei tre gamle kommunane, Odda har mindre hushaldningar medan Jondal og Ullensvang herad har omlag like store hushaldningar.

## Byggjeår



Sortert etter byggjeår, ser ein at det er mange eldre bygg i Ullensvang kommune. Det var generelt ei stor utbygging fram til 1990-talet, men etter det har det halde seg stabilt på omlag 25-30 bustadar per år.

## Andel bustadar etter storleik




Ullensvang kommune har ein større andel bustadar som er av ukjend storleik enn landsnittet, omlag 5% av bustadane veit ein ikkje storleiken på. Blant dei minste bustadane, under 50 m<sup>2</sup> har Ullensvang og landet forøvrig omlag like stor andel.






For bustadar mellom 50 og 140 m<sup>2</sup> ser ein at det er færre av desse i Ullensvang kommune enn ellers i landet, og mellom 140 og 300 m<sup>2</sup> har Ullensvang fleire enn landssnittet.

## Fritidsbustadar



Det er tydeleg at Ullensvang er i ferd med å bli ein fritidsbustadskommune. I tidlegare Odda kommune har det vore ei ønska og fokusert utvikling over lengre tid for å få byggja mange fritidsbustadar. Dette visar tydeleg igjen. Frå omlag 1600 fritidsbustadar i Ullensvang kommune i 2004 til omlag 2200 i 2018. Dette gjer at i 2018 er det no ein større andel fritidsbustadar i høve bustadar. i 2006 var det omlag 21% fritidsbustadar, medan i 2018 er det omlag 25% fritidsbustadar.

## Fritidsbustadar og bustadar Ullensvang kommune





## d. Næringsliv



Det har vore ei negativ utvikling i tal arbeidsplassar i Ullensvang kommune sidan 2008. Denne utviklinga har flata ut, og i 2016 og 2017 såg ein at det vart fleire arbeidsplassar enn året før. Enkelte bransjar har hatt store nedgongar, som primærnæringane.


Andre bransjar har hatt store svingningar, som bygg og anlegg, der det mellom 2011 og 2012 forsvann omlag 150 arbeidsplassar. Nedgangen i tal arbeidsplassar har vore større enn nedgangen i innbyggjarar med hhv 7,2% færre arbeidsplassar og 3,5% færre innbyggjarar i arbeidsaktiv alder. Likevel er arbeidsløysa låg.

*Rett før første gangs handsaming av denne planen vart verda råka av pandemien COVID-19. Det gjer at det ikkje er oppdatert tal på arbeidsløysa som følge av denne katastrofale hendinga. Følgene for Ullensvangsamfunnet, Norge og verda er ikkje, og vil ikkje vere klare på lang tid.*





## Arbeidsplassar etter bransje




Dei klart største sektorane er hhv. helse og industri. Helsesektoren er relativt stabil, medan industrien har hatt sine svingningar. Det er likevel i industrien ein kan finne mykje av grunnen til at talet arbeidsplassar har halde seg stabilt dei siste åra, då det er ein svak auke i denne bransjen.

Det er ein stor variasjon i talet verksemder innan dei ulike bransjane. Hotell, restaurant, handel og transport har ikkje uventa flest verksemder, medan det er færrest innan oljeutvinning og bergverk.






## Verksemdstorleik



Det er klart flest verksemdar med 1-4 tilsette, sjølv om andelen er på veg ned. Talet på verksemdar held seg relativt stabilt på 500-550 med svingingar over tid. Dei minste verksemdene har vist størst nedgang i tal, medan det er stadig fleire verksemdar med opp til 100 tilsette. På dei nest største verksemdene ser ein at det er svingingar, men det er og så få av desse verksemdene, at det er vanskeleg å seia noko om trendar i denne gruppa.


## Netto pendling





Ullensvang kommune har eit ganske stort pendlarunderskot, med omlag 450 i minus. Det tilsvarar 8,8% av arbeidsplassane i kommunen. Ein har stor lekkasje til dei to store sentra i nærleiken, Bergen og Voss, men og betydeleg til Stavanger og Oslo, og til oljeplattformer på sokkelen. Der ein har størst pendlaroverskot, er frå Eidfjord og Sunnhordland, hovudsakleg Kvinnherad og Etne.

### Arbeidsløyse 2016 - 2019 per mnd




Det er positive tal når det kjem til arbeidsløyse i kommunen, både om ein ser på kort og lang sikt. Etter å ha nådd ein topp i 2017, har arbeidsløysa gått jamnt nedover. Ein ser ei klar sesongbetont variasjon, med fleire ledige om vinteren, og færre om sumaren. Sumarjobbar, korte vikariat, sesongavhengige arbeidsplassar innan t.d. reiseliv og i landbruket forklarar nok mykje av dette. Det kan sjå ut som om arbeidsløysa har flata noko ut, men den ligg no på eit så lågt nivå at det er utfordrande å få den lågare. Det vil alltid vere nokon som står utanfor arbeidslivet i kortare periodar.





## Registrerte ledige stillingar




Ein ser og store sesongvariasjonar i registrerte ledige stillingar. Ein har mange utlysingar om vinteren. Dei andre årstidene er det meir jamnt fordelt med eit snitt på omlag 35-40 ledige stillingar. Dei store toppane svarar til dei dalane ein finn i vår og sumar i tal ledige. Det er truleg desse ledige stillingane dei som jobbar om sumaren har svara på.





## e. Utdanning

### Øverste Utdanningsnivå



Utdanningsnivået er i endring. Det er stadig færre som har kun grunnskule som høgaste fullførte utdanningsnivå. Likeeins med vidaregåande, sjølv om dette klart er den største gruppa, og viser mindre nedgang enn grunnskulen. Det er tre grupper som er i vekst, kort og lang høgskule- og universitetsutdanning saman med fagskuleutdanning. Det er særst få som ikkje har noko fullført utdanning.

I Ullensvang kommune har 23% kun grunnskule som høgaste fullførte utdanning, mot 26% nasjonalt. For vidaregåande er tala 49% for Ullensvang og 37% nasjonalt, og for høgare utdanning 24% for Ullensvang, mot 33,5% nasjonalt. Dette er som forventa på tanke på typen arbeidsplassar som er i kommunen: industri, helse, bygg og anlegg og varehandel, det er og ein del landbruk, som ikkje har krav til høgare utdanning.





## f. Folkehelse

Folkehelseoversikten til Ullensvang kommune har samla det meste om folkehelse, KPS tar her med samandraget og konklusjonen til folkehelseoversikten

### **Samandrag:**

*Låge fødselstal og nedgang i befolkinga er bekymringsverdig. Med 43 fødselar i Odda i 2018, og 66 totalt i Ullensvang kommune (92 i 2019), må det fokuserast på å få unge barnefamiljar til kommunen vår. Det vert og færre i yrkesaktiv alder, medan talet på eldre aukar.*

*Ullensvang herad har satsa stort på arbeid med levekårsutsatte barnefamiljar dei siste åra. Det gjer at den enkelte familie og det enkelte barn skal få betre oppvekstvilkår. Dette er viktig for å fullføra utdanning, kome i arbeid og trivast i lokalsamfunnet. Om ein klarar å bryta sosial arv og gjera sosial ulikskap i helse mindre, vil både enkeltindivid og samfunn tena på det. Utdanning er viktig! Levealderen er 6.2 år høgare for dei som har meir enn grunnskuleutdanning i forhold til dei som ikkje har det. Vi ynskjer at alle i Ullensvang kommune forset det gode arbeidet som er starta.*

*I Ullensvang kommune er det til vanleg nesten ikkje arbeidsløyse. Det er lett å få jobb, og det kan sjå ut som industrien ekspanderar dei neste åra. Dette fører til mange og gode lærlingeplassar, og ein har måtta utvide dei yrkesfaglege linjene ved Odda vidaregåande skule. Skulen er svært viktig for å oppretthalda befolkningsgrunnlaget i Hardanger. I tillegg vert det satsa meir på turisme og lokale produkt. Fleire startar sin eigen verksemd. Dette er positivt for regionen.*

*Trygge lokalsamfunn er viktig for at innbyggjarane skal trivast. Vi bur i ein region prega av ras, flaum og stengde vegar. Klimaendringane fører til stadig fleire uønska hendingar. Trafikken aukar år for år, dette er ikkje infrastrukturen i vår region bygd for. Det fører til kø, trafikkork og stengde vegar og Ullensvang er til tider utilgjengeleg og utrygg. Eit av hovudfokusa må vera å arbeida for betre vegar og infrastruktur i åra framover.*

*67 % av befolkinga i Hordaland i 2018 meinte at tilgang til natur- og friluftsområder er det viktigaste for å trivast i sitt nærmiljø. Deretter følgjer kulturaktivitetar. Ullensvang har mykje flott natur, men manglar tilgjenge for fleire. Dette inkluderar infrastruktur, informasjon og fysisk tilgjenge.*

*Ungdommen er nøgd med lokalmiljøet sitt i varierende grad. Dei er mest positive til idrettsanlegga og minst til kollektivtilbodet. Dei manglar lokal der dei kan*





treffa andre unge på fritida. Ungdom og vaksne trenar like mykje som før, men kvardagen elles er prega av mykje stillesitjing.

Helsetilstanden til befolkninga i Ullensvang er varierende. I delar av kommunen er det mange kvinner som røykjer, noko som ser ut til å ha samanheng med høg førekomst av KOLS i same befolkning.

Vi har overvekt av fedme blant ungdom målt ved sesjon. Mange vert lagt inn på sjukehus grunna hjarte- og karsjukdommar i delar av kommunen.

Kreft tar flest liv i Ullensvang kommune.

Ein del av ungdommen melder om fysiske plagar kvar dag, og reseptfri medisinbruk blant ungdom aukar. I delar av kommunen kjenner ein god del av ungdommen seg einsam. I andre delar seier fleire at dei opplever depressive symptom. Legemiddelbruken blant vaksne i forhold til psykiske lidingar ligg under landssnittet, sett bort i frå sovemidlar og vanedannande midlar, som ligg over.

Rus og alkoholbruk blant ungdom gjeng ned, men det knyttar seg bekymring rundt helgefesting, og auka prøving av narkotika blant ungdom. Fokus på gode oppvekstvilkår er difor eit viktig satsingsområde i Ullensvang kommune.

### **Konklusjon:**

Folkehelseoversikta syner stoda i 2019 i dei 3 kommunane Jondal, Ullensvang og Odda som 1.1.2020 blei Ullensvang kommune.

Det er stor aktivitet i kommunen, noko som kom tydeleg fram i budsjettprosessen, særleg i forhold til investeringar. Turismen og interessen for å koma til kommunen vår er stor og mange små bedriftar knytt til dette har sett dagens lys. Hjørnesteinsbedriftane planlegg utvidingar. Ungdommen vår rusar seg mindre, er flinke på skulen og tar høgare utdanning. Vi satsar på at dei som har lite skal få det betre.

Dei tre kommunane er svært ulike på mange måtar, noko folkehelseoversikta syner. Likevel er det dei same verdiane som er viktige for folk. I Ullensvang kommune må ein ta omsyn til ulikskapen, samtidig som ein skal streba etter gode tenester til alle innbyggjarane.

Satsing på gode oppvekst- og bustadmiljø, levande sentrum og tettstader gir trygge og sosiale møteplassar for unge, vaksne og eldre. Dei som har det godt psykisk og sosialt, er også meir fysisk aktive, viser forskning. Aktivitet beskyttar mot sjukdom og gir fleire gode leveår. Aktive og sosiale ungdommar trivst betre, og flyttar kanskje hjem igjen etter endt utdanning.





*Ullensvang kommune har store naturressursar. Betre tilgjenge slik at fleire kan nytta dei, vil vera eit gode for befolkninga og næringslivet. Ei felles satsing mot ei aktiv framtid vil vera god folkehelse for alle i Ullensvang kommune!*

*Befolkningsnedgang er ein reell trussel mot kommunen vår. Det er av stor betydning å arbeida aktivt for å forhindra ein nedgang som Vestland fylke sine framskrivingar viser til. Dette må vera fyrste prioritet for politikarar og tilsette, såvel som heile befolkninga. Klarar vi det, har Ullensvang kommune har all grunn til å gå inn i framtida med optimisme!*

## g. Implikasjonar

Denne bakgrunnsinformasjonen fortel oss at det er viktig at ein legg til rette for vekst, slik at Ullensvang kommune kan veksa dersom noverande trendar endrar seg. Då må ein ha lagt til rette for at denne utviklinga vert så positiv som mogleg, og at ein står klar til å ta i mot dei nye innbyggjarane med bustad, gode offentlege areal, arbeidsplassar og offentlege tilbod. Det fortel oss og at det er viktig å vera innstilt på nedgang i folketal, med dei konsekvensane det medfører. Om ein gjer dei rette grepa, vil ein kunne møte både folketalsvekst og folketalsnedgang på ein måte som - i stor grad - opprettheld offentlege tilbod og gode butilhøve for alle grupper.





## 5. Føremoner

### a. Optimisme i næringslivet

Dei to store økonomiske lokomotiva i kommunen, Boliden og TiZir, har i løpet av 2019 signalisert optimisme med tanke på utviding av verksemdene sine. Dette er særst gode nyhende for regionen og kommunen. Kvar person som kjem vil truleg ha med seg familiemedlemmer, som vil trenga skule- og arbeidsplass.

Omsetninga i kommunen er og særst høg. Om Ullensvang kommune var eit eige land, ville BNP per innbyggjar vore på linje med Luxembourg og Lichtenstein, som saman med Monaco utgjer dei tre leiande statane.

Sidersatsinga har no byrja å gje frukter. Det visar igjen når hardangersider deltar på internasjonale tevlingar og vinn prisar. Om siderprodusentane sine draumar slår til, vil vi trenge eple tilsvarende all noverande produksjon i kommunen. Det gjer at ein bør utvidinga av epleproduksjonen, slik at ein både får kjøpt gode konsumeple frå Hardanger og kan auke produksjonen av sider.

Turismen blømer i Hardanger og Ullensvang. Mellom anna Trolltunga har eksplodert på verdsmarknaden som eit må-sjå mål. Dette fører med seg nokre voksesmerter. Somme har ein allereie tatt tak i, andre er framleis i utvikling, og treng større tiltak for å bli handsama på tilfredsstillande vis.

### b. Relativ god kommunal økonomi

Ullensvang kommune er ein mellomstor kommune, nr. 100 i Norge etter folketal, størst i Sør-Norge i areal og nr. 3 i kraftinntekter. Det gjer at den kommunale økonomien ikkje er like pressa som andre stader, og ein har høve til å satsa på område som andre kommunar ikkje kan. Utfordringa er å unngå at det vert ei krykkje ein lener seg på, men at ein held fram med å leita etter gode løysingar. Det har ein vist at ein har kultur for i Ullensvang kommune gjennom prosjektet til Ullensvang herad som tok sosiale ytingar ut av sosialbudsjettet, og heller nytta det for å ansetta dei som skulle få ytingane. Slik kunne dei kjenne seg stolte over å få lønn, arbeidserfaring, kjensla av å bidra til fellesskapen, og lettare fekk seg fast bustad - samstundes som kommunen sparar pengar.

### c. Det grønne skiftet

Ullensvang kommune står i ein god posisjon til å dra nytte av det grønne skiftet. Det er ein særst rein prosessindustri i kommunen. Ein har store kraftanlegg, og saman med industrien fins det fleire døme på at geografisk nærleik til kraft er ein stor fordel. Mellom anna er det snakk om ei storstila satsing på hydrogenproduksjon. Likeeins ligg det føre planar om eit biogassanlegg som skal dra nytte av husdyrgjødsel, fiskegjødsel og fiskeavfall, samt anna biologisk avfall.





Landbruket vil vere ein naturleg del av det grønne skiftet. Det er ein bransje som er særleg avhengig av stabile klimatilhøve. Samstundes er det ein bransje som har potensiale til å gjere store grep for å betre klimarekneskapet for samfunnet som heilskap. Lokalt produsert mat, miljøvennlege produksjonsmetodar og sesongbetont kosthald er døme på korleis landbruket kan bidra endå meir enn dei gjer i dag.

#### d. Nasjonalparkane

Ullensvang kommune er den kommunen i Norge med størst nasjonalparkareal. Omkransa av Folgefonna og Hardangervidda nasjonalparkar ligg Ullensvang kommune midt i eit naturgitt smørauga for storslåtte naturopplevingar. Her er fjord, fjell, bre, vidde, fossar og elvedalar i fri dressur. To sær s populære turistmål i byrjinga av førre århundre, som no er på veg til å få sin renessanse. Kommunen skal aktivt forvalta dei verdiane som nasjonalparkane representerer. Både i form av verneområde og verneverdiar, men og i form av attraksjonar og næringspotensiale.



#### e. Frivillige organisasjonar

Det er mange frivillige lag og organisasjonar i kommunen. Her er det mellom anna bygdalag, grannalag, idrettslag, Røde kors, 4H, bygdekvinnelag, og ungdomslag. Desse gjer ein verdifull innsats i samfunnet med å skapa samhald, styrka identitet, tilby aktivitetar og vere til glede for innbyggjarane.

#### f. Kultur

Ullensvang kommune har levande bygder og kraftfulle sentrum med eit sær rikt, mangfaldig og kontrastfylt kulturliv som femnar heile spekteret frå fritidsaktiviteter innan musikk, idrett og anna variert organisasjonsliv - til store nasjonale festivalar innan fleire ulike sjangrar, og museum som femnar om eit breitt spekter av nasjonal historie.





Kulturen er forankra i eit samfunn med store kontrastar, mellom tradisjonell og nyvinnande frukt dyrking, bondekultur og ekspansiv industri, som syner att i kulturen og gir ein ekstra dimensjon. Ullensvang kommune har ei særskild rik kulturarv med kulturminne som er rekna som nasjonalskattar med internasjonal verneverdi: stavkyrkje og klyngetun, teknisk-industrielle kulturminne, og vår immatrielle kulturarv med bunader og hardingfele. Alt knytt til bondekultur, kystkultur og industri.

At kommunesenteret Odda har etablert seg som eit litterært kraftsentrum i nært samspel med stadutvikling og næring, er også ei føremon for heile kommunen. Det same kan ein seiast om kommunen sin unike posisjon og tradisjon som friluftsliv- og nasjonalparkkommune. Ullensvang kommune har eit rikt organisasjonsliv der friviljug innsats står sterkt, men ein opplever likevel bekymring relatert til manglande rekruttering innan tidlegare sterke innsatsområde som korps, kor og den organiserte idretten.

## g. Tydelege identitetar

Dei ulike bygdene i kommunen har gjennom å vera distinkte og separate stadar utvikla sin heilt eigne identitet. Det er openbart om ein er i Røldal, i Odda, i Kinsarvik, på Utne eller i Jondal. Det gjer det enklare å dyrka denne identiteten, og med det skaffe seg ein fordel når det gjeld å fortelja dei gode historiane. Det er dei gode historiane om stadane som fengar. Det er det særskilte som ein uttrykkjer i kvardagen som gjer stader interessante. Det er det stadeigne og det kultureigne som gjer at folk hugsar at dei har vore ein stad. Og det er dette som gjer at ein kan skilja seg ut frå det generiske, og bli attraktive for vitjande, fastbuande og tilflyttande.

## h. Urbanitet

I fleire av tettstadane finn ein grobotn for urbanitet, men Odda har dei beste forutsetningane, med ein sentrumsstruktur som byggjer opp under og legg til rette for ei positiv og finkorna fortetting. Tettstadane har nokre naturgitte forutsetningar som er positive i den samanhengen: Det er knapt med land, slik at fortetting tvingar seg fram. Der ein har ei utfordring er at folketalet er i nedgang, samstundes som store, sentrumsnære areal i Odda er ledige. Det kan forlede ein til å tru at ein kan nytte store areal, og ikkje vere like kritisk til korleis ein byggjer ut. Odda sentrum er som tidlegare nevnt den staden i kommunen som har mest positive tal å visa til. Det bør ein fortsetje å vidareutvikla. Fortetting tar vare på dei knappe arealressursane ein har, og gjer det meir attraktivt å satsa på tilbod og verksemder som er avhengig av publikum.





## i. Isolert arbeidsmarknad

I neste kapittel vert ein isolert arbeidsmarknad omtala som ein bakdel, men det kan og vere ei føremon. Mellom anna for dei som skal tene ein lokal marknad. Det vil vere mindre konkurranse frå eksterne aktørar, med opning for at lokale aktørar kan etablere seg utan press frå større konkurrentar. Om den interne marknaden er stor og levedyktig nok, er det ikkje sikkert at trongen for ein betydeleg andel pendling er naudsynt. Det krev då at ein har nådd kritisk masse, slik at det går å livnæra seg for dei ulike verksemdene.





## 6. Problemstillingar

Ullensvang kommune har ein del utfordringar og problemstillingar. Den mest openbare er synkande folketal. Samanlikna med kringliggjande kommunar har Ullensvang ein svært isolert arbeidsmarknad. Store avstandar og eit stort areal i kommunen er ei klar utfordring. Ein låg sentralitetsindeks vil og virke inn negativt for Ullensvang kommune.

### a. Låg sentralitetsindeks

I ny sentralitetsindeks for dei nye kommunane er Ullensvang kommune lagt på nivå 5 med ein indeks på 587, som er det nest lågaste nivå. Dette er på nivå med nabokommunane Sauda(620), Etne(592) og Kvinnherad(581), og over nabokommunane Ulvik(541), Vinje(539), Eidfjord(537) og Suldal(509). Ein ligg under nabokommunane Voss(721) og Kvam(675). Dette er med andre ord som forventa med tanke på avstandar og storleikar på tettstadane og dei regionale tilhøva.

Det er utfordrande å heva seg på sentralitetsindeksen, særleg for dei kommunane som ligg langt unna større senter. For Ullensvang kommune er det så store avstandar at i praksis er vanskeleg å få reisetida ned på eit nivå som vil ha effekt på sentralitetsindeksen. Lokalt og regionalt god infrastruktur kan gjere at ein får kortare reisetid til ein større arbeidsmarknad, t.d. mot Kvinnherad og Etne, men slik sentralitetsindeksen vert utrekna, så vil ein måtte ha store endringar i reisetid for å sjå faktiske endringar i indeksen for Ullensvang kommune. Det er i reisetid under 30 minutt til arbeidsstad og 20 minutt til offentlege tilbod ein ser dei store vinstane. Difor vil den enklaste måten å heva sentralitetsindeksen vere å tryggja dei tettstadane ein har, og sørja for at det er arbeidsplassar og offentlege tilbod nær der folk bur. Klarer ein få tilrettelagt for desse tilboda med under ti minutt reisetid - vil det gjere store utslag.

### b. Demografi

Folketalet i Ullensvang kommune er - og har vore i nedgang i lengre tid. Ein har hatt ein periode der nedgangen såg ut til å ha flata ut, men 2018, 2019 og 2020 er dei tre dårlegaste åra for folketalutviklinga sidan 2010.

Ein aldrande demografi gjer at ein vert meir avhengig av diverse tenestetilbod. Korleis ein strukturerer desse tilboda vil ha store konsekvensar for økonomien i kommunen. Korleis og kvar innbyggjarane bur vil og ha store konsekvensar for kva tilbod ein kan oppretthalde på dei ulike tettstadane. Ullensvang kommune er per i dag dårleg tilrettelagt for at eldre kan vere sjølvstendige så lenge som mogleg, med lite tette sentrum, store avstandar, og dårleg kollektivtilbod.






## c. Låg tettleik

Lange avstandar mellom tettstadane treng ikkje å bety eit dårleg tilbod, dersom tettstadane har gode og tette sentrum der det er enkelt å ha ein kvardag til fots. Då er det mogleg å oppretthalda gode tilbod, sjølv med få innbyggjarar.

Utfordringa kjem når ein i tillegg har låg tettleik i og nær tettstadane. Då blir omlandet for stort, og det er for mange som vert avhengig av bil som framkomstmiddel. Dette gjer at ein må setje av store areal til parkering. Det fører til større avstandar innad i tettstaden, og ein får ein sjølvforsterkande spiral. I eit område der byggbart areal er ein avgrensa ressurs bør ein vere medviten om korleis ein strukturerer seg, og nytte denne dyrebare ressursen på best mogleg vis.

Når ein ser på areal per busett i tettstadane, ser ein klart at Odda har ein mykje mindre arealkrevjande struktur enn dei øvrige tettstadane. Sjølv om store areal går til sentrumsfunksjonar, så har Odda sentrum høgast tettleik av personar i kommunen. Det er og her ein ser størst vekst i folketal i kommunen, det er her det er klart flest tilbod per innbyggjar, og det er her det er lettast å leggja til rette for dei gruppene som har størst krav til sine omgjevnader.

### Areal per busett






## d. Isolert arbeidsmarknad

I diagrammet under er det stilt opp andel pendlarar inn og ut av kommunen i høve til antal innbyggjarar. For relativt store kommunar har dette talet liten relevans, då dei som regel har ein solid arbeidsmarknad, og er ein magnet for arbeidsplassar og arbeidstakarar. For kommunar som er gjennomsnittlege eller små vil dette talet seie noko om kor isolert arbeidsmarknaden i kommunen er.

### Isolasjon arbeidsmarknad



Ein isolert arbeidsmarknad kan vere ein bakdel, då ein ikkje er ein del av eit nettverk, det blir mindre utveksling av idear, kapital, innbyggjarar m.m. Dette kan føre til økonomisk og demografisk stagnasjon og tilbakegang. Nettverk og investering i infrastruktur er ein av dei beste prediktorane for kvar ein har økonomisk vekst. Mellom anna kan ein framleis sjå at dei gamle romerske vegane har ein vedvarande økonomisk effekt<sup>5</sup>.

Blant kommunane i gamle Hordaland, er det berre Kvinnherad som har ein like isolert arbeidsmarknad som Ullensvang kommune. I diagrammet over ser ein tydeleg at dei tre gamle kommunane hadde mykje pendlig seg imellom.


Ullensvang kommune har negativ pendling på 454 arbeidstakarar. Mange av desse går naturleg til den store magneten i fylket: Bergen, men Stavanger/Sandnes, Sokkelen, Oslo og Voss er og naturlege mål. Størst pendling inn har ein frå Kvinnherad og Eidfjord.

<sup>5</sup> <https://voxeu.org/article/roman-roads-and-persistence-development>





## Andel pendlande og netto pendling



Sett i høve til folketalet er dette relativt lågt, noko som og indikerer ein stor grad av felles arbeidsmarknad i kommunen. Ein ser at Odda er magneten i sin region, då det var ein av få kommunar som hadde netto innpendling før kommunesamanslåinga.

### e. Struktur

Ullensvang har ein struktur som gjer at ein er avhengig av bil i kvardagen. Det gjer at mange innbyggjarar ikkje er sjølvstendige. Eldre, uføre, born og unge har ein kvardag der dei blir styrt av andre. For å styrka deira sjølvstende må ein leggja betre til rette for mjuke trafikantar og gode uteområde der dei er premissgivar.

Dette vil gjere tettstadane meir attraktive for fastbuande, potensielle tilflyttarar og vitjande. Ein ser at fotgjengarbaserte sentrum har mange positive effektar, for folkehelse<sup>6</sup>, økonomi, tenestetilbod og folkeliv.

Fotgjengarbaserte sentrum er meir attraktive for den gruppa vi kjem til å få mange fleire av i framtida: eldre. Dei kan lettare komme seg til og frå tenester, og det er lettare å ha eit sosialt liv om dei ikkje er avhengig av bil for å fungere i kvardagen. Det er og meir attraktivt for den gruppa kommunen helst vil trekkje til seg: barnefamiljar. Born og eldre har mange av dei same krava til gode nærmiljø.

6

<https://reader.elsevier.com/reader/sd/pii/S2352827316301240?token=B0C71E4313B8645C8260DC5D00B1EFEA815271AD5CB9A4E33FAB3D575B8A470E6EA61B5C24A356A5FA4CB6AA629ADF74>





Tilbod i gangavstand er lettare og billegare å nytta spontant enn om ein er avhengig av anna transport. Tette og intense sentrum er viktige folkehelseiltak. Den daglege aktiviteten er den viktigaste prediktoren for god helsetilstand. Trening er mindre viktig enn den daglege gåturen til og frå jobb, skule og butikk. Om desse turane vert erstatta av bilkøyning, fjernar ein mykje av grunnlaget for ei god helse.

Om ein spreier seg ut, vil kostnaden per person auka raskt. Det betyr ikkje at alle skal flytta til Odda. Men at ein må sjå på dei tettstadane ein har i dag, og bruke den infrastrukturen ein har på best mogleg måte. Om ein heile tida utvidar infrastrukturen legg ein unødig byrde på framtidige generasjonar som skal vedlikehalde den.

## f. Store areal og lange avstandar

Ullensvang kommune er den største kommunen i Sør-Norge med areal på 3261 km<sup>2</sup>. Odda ligg sentralt i kommunen med omlag 45-60 min til dei tettstadane som lengst vekke: Herand, Kinsarvik og Røldal. Med eit så lågt folketal og så store avstandar, er det openbart at ein får utfordringar med administrasjon, offentleg og privat tilbod, og å skapa ein heilskapleg og samlande identitet.

## g. Hjørnesteinsverksemd

Når hjørnesteinsverksemdene har så stor innverknad og betydning for eit samfunn, slik det er i Ullensvang, er det viktig å ha ei stor breidde av andre bransjar. Dette for å gjera seg mindre sårbar for konjunktursvingningar. Ullensvang kommune har etter nedlegginga av Odda Smelteverk sett kva som kan skje når store aktørar forsvinn, eller kjem inn i dårlege periodar. Med to store





aktørar innan same sektor, bør ein leggje vinn på å utvikla og styrke fleire sektorar i arbeidslivet.



## h. Omdøme

Ullensvang har eit mangfaldig omdøme. Kommunen ha mange gode sider som nasjonalparkar, friluftsliv, Norges frukthage, kulturvogge, nasjonalromantikk med meir. Historisk har deler av kommunen fått nokre negative stempel, særleg knytt til industristadane Odda og Tyssedal. Desse assosiasjonane er i stor grad historie, men nokon kan oppleve at deler av stempelet heng att.

Omdømet for kommunen er samla sett bra og i stadig betring, men har fortsatt potensiale til å bli fantastisk. Ullensvang har mange stader med særeigne kvalitetar. Desse kan dyrkast vidare for å gjera kommunen endå meir attraktiv for innbyggjarar, tilflyttarar og gjester.





## 7. Prosess

I dei tre gamle kommunane vart det utarbeida ein bustadsplan for Ullensvang kommune, som informerer arbeidet, og er grunnlaget for dei strategiane og tiltaka ein legg opp til i KPS

I mars 2019 starta ein hovudarbeidet med samfunnsdelen.

I juni og august 2019 vitja ein dei ulike tettstadane i kommunen, for å henta inn meiningar til den nye kommuneplanen. Ein satte opp stand i ulike daglegvarebutikkar, og hadde eit lågterskeltilbod for å få tak i kva eit breitt utval av innbyggjarane ønskjer seg.

I oktober 2019 var ein på vitjing hjå utvalgte skular og fekk omvisning av elevar i dei ulike tettstadane. Næringslivet har fått gode kanalar inn til kommuneplanarbeidet, både gjennom oppmodingar frå planavdelinga, gjennom møter i næringshagen, og via næringsjefen som har sørga for god medverknad frå næringslivet, mellom anna gjennom annonse i Hardanger Folkeblad sitt næringsliv-innstikk.

I november vart medverknad med politikarar gjennomført. Politikarane vart oppmoda til å kondensera partiprogramma sine til 4-5 målsetningar innafor kvart av hovudsatsingsområda. Desse måla vart vurdert opp mot FN sine berekraftsmål og planprogrammet. Etter ein gjennomgang av innspela frå innbyggjarane sorterte politikarane desse, slik at ein fekk prioritert dei og kunne utkrystallisere nokre målsettingar.

I januar hadde ein medverknadsprosess med leiargruppa i administrasjonen, der dei fekk komme med sine innspel og justeringar. Likeeins har ein hatt enkeltmøter med nøkkelpersonell for å få tak i deira innspel.

På bakgrunn av desse måla utarbeidde leiargruppa, styringsgruppa og administrasjonen ei rekkje strategiar. Desse skal danne rammeverket for dei tiltak og vedtak kommunestyret fattar i samsvar med kommuneplanen.

Planen var oppe i Utval for plan, næring og samfunn 13.05.2020 og vart vedtatt lagt ut. I kommunestyret var planen oppe 27.05.2020 og vart vedtatt lagt ut til offentleg ettersyn med høringsfrist 15.09.2020.

Høringsfristen vart utvida til 25.09.2020 etter førespurnad frå Fylkesmannen i Vestland og sterkt engasjement frå innbyggjarane. Dette engasjementet førte og





til at ein hadde eit folkamøte digitalt og fysisk. I høyringsperioden kom det inn 57 innspel. Det var stor breidde i innspela.

Etter høringsfristen reviderte administrasjonen planforslaget og la det fram for Styringsgruppa for kommuneplanarbeid, Utval for plan, næring og samfunn og kommunestyret.

Kvart år i andre kvartal skal kommunestyret og administrasjonen i samband med budsjettarbeidet gjere opp status for kommuneplanen. Då skal ein vurdere målepunkta og sjå om ein har fått ønska utvikling. Ein skal og vurdere om ein har nytta seg av strategiane i tilstrekkeleg grad.

Etter kvart kommuneval skal nytt kommunestyret i samband med planstrategien gå gjennom strategiane i KPS. Dette arbeidet skal seinast starte opp i andre kvartal. Då skal ein utarbeide nye strategiar som samsvarar med den planfasen ein er inne i, og viljen til nytt kommunestyre.

## a. Planprogram

20.09.18 vedtok fellesnemnda planprogrammet for ny kommuneplan for Ullensvang kommune. Slik startar ein på lik fot etter kommunesamanslåinga. I første omgang utarbeidar ein samfunnsplanen (KPS), og i andre omgang ein arealplan (KPA) for heile kommunen.

I planprogrammet vart det vedteke at ein skal jobbe med tre hovudområde: bustadsamansetting, kultur- og reiselivssatsing, og tilrettelegging for næringsliv.

Det vart gjennomført ein del workshops og liknande i samband med forarbeidet til samanslåinga av kommunane. Mellom anna skulle ein komme med forslag til kommunevåpen og slagord for den nye kommunen. Ein enda ikkje opp med eit tilfredstillande slagord i denne prosessen, medan kommunevåpenet vart avgjort seinvinteren 2019.

## b. Innspel

Det vart gjennom sumaren og hausten 2019 gjennomført ein del aktivitetar for å sikra medverknad til KPS. Ein vitja alle dei større tettstadene for å ha uformelle møter med tilfeldige innbyggjarar. Gjennom dette arbeidet fekk ein inn 300 individuelle innspel. Alt dette kan ikkje direkte relaterast til KPS, noko av det er innspel til Kommuneplanen sin Arealdel (KPA), noko av det er direkte oppmodingar til administrasjonen og politikarar, og nokre av innspela er oppmodingar til innbyggjarane sjølve. Dette vart særst godt motteke blant dei som deltok. og eit av innspela var at ein og kunne nytte denne forma for innbyggjarinteraksjon ved fleire høve.





Ein hadde og medverknadsprosessar med barneskulane i Jondal og Kinsarvik, og ungdomskulane i Kinsarvik og Odda. Her viste borna og ungdommane oss rundt på dei stadane dei tykkjer er viktige. Dei la og fram ønsker og kritiserte aspekt ved tettstadane sine dei var misnøgde med.

I høyringsperioden kom det inn 57 ulike innspel frå administrasjon, offentlege høyringsinstansar, verksemder i kommunen og innbyggjarar. Det var eit stort engasjement for planen. Mykje av det var knytta til uro rundt ivaretaking av dei mindre stadane i kommunen, og ei frykt for sentralisering.

### c. Politisk medverknad

Etter medverknad frå innbyggjarane var det dei folkevalde sin tur. Sidan det var val og kommunesamanslåing samstundes, tok det tid før dei ulike utvala var på plass og ein kunne få ein medverknadsprosess med dei relevante folkevalde. Prosessen opp mot dei folkevalde var delt i ulike deler. Det vart stifta ei arbeidsgruppe for kommuneplanarbeid, samansett av heile utval for plan, næring og samfunn. Først skulle dei kome med sine eigne forslag til kva KPS skal innehalde. Så samanfatta administrasjonen forslaga frå dei folkevalde og frå innbyggjarane til nokre heilskaplege mål og strategiar. Desse vart igjen bearbeida av styringsgruppa. Resultatet vart ni mål som skal famne om dei viktigaste målsettingane for Ullensvang kommune, og vere så spissa at ein kan prioritere mellom ynskjer som konkurrerer om ressursane.

### d. Administrativ medverknad

24. Januar 2020 vart den administrative leirgruppa direkte involvert i arbeidet med KPS. I etterkant av dette vart det lagt ut ei planskisse på kommunen sitt intranett, tilgjengeleg for alle ansatte i kommunen, slik at organisasjonen kunne komme med innspel.

### e. Planforum

18. Februar 2020 vart det gjennomført Planforum i Vestland fylkeskommune sine lokaler på Sandsli i Bergen. (Skildring av dei omsyn, innspel og anna som kom derifra)

### f. Politisk handsaming

Planen vart vedtatt lagt ut til offentleg ettersyn av Ullensvang kommunestyre i møte 27.05.2020. Fristen for innspel vart på grunn av ferieavvikling sett til 15.09.2020. Dette for å gi god tid til å koma med innspel. Innspelsfristen vart





seinare utvida til 25.09.2020 etter førespurnad frå Fylkesmannen i Vestland og innbyggjarar.

## 8. Forventa planeffekt på samfunnet

Det er forventa at planen sine mål og strategiar skal ha ein effekt på Ullensvangsamfunnet. Det er i hovudsak tre tema som går att i innspela frå innbyggjarane, og når ein ser på måla og strategiane. Dei skal sørge for at Ullensvang får:

- Ein meir berekraftig kommune, som er i stand til å ta vare på miljøet, gjere sitt for å redusera klimapåkjenningane, ta vare på innbyggjarane sine og samspelet dei imellom, og som eit resultat av det skape velstand og gode økonomiske tilhøve.
- Eit auka mangfald, det vere seg i næringar, aldersgrupper, tomter, tettstadar.
- Eit betre omdømme. Som den vakre, reine, kjekke, drivkraftige, spanande kommunen vi veit vi er.

Samla vonar ein at desse effektane skal gjere Ullensvang kommune endå meir attraktiv enn vi er i dag, med det resultat at vi får ei positiv folketal- og demografiutvikling. Ullensvangsamfunnet skal vere ein stad med yrande folkeliv i alle aldrar. Dette er det ultimate målet for kommuneplanen: Å sørge for at det er ein plass folk VIL bu. Det er det som ligg som bakteppe for alle måla og strategiane som har blitt utvikla i planen.

Grunnen til at ein ikkje har tatt med positiv folketals- og demografiutvikling som eit eige eksplisitt mål i planen er at det er noko ein kan leggje til rette for, men ikkje noko ein kan vedta. Alle måla og strategiane har til sjuande og sist som mål å gjere Ullensvang meir attraktiv, og med det leggje grobotn for folketalsauke. Samstundes må ein leggja til rette for å halde på så mykje av tenestetilbodet ein kan dersom folketalet går ned.

### a. Berekraft

Første prioritet for eit kvart samfunn må vere at ein skal leggje til rette for å eksistera til "evig" tid. Det betyr ikkje at ein skal vere uforandra til evig tid, men at ein ikkje skal øydeleggje for livsvilkåra som er forutsetning for å bestå tusenvis av år fram i tid. Kortsiktige vinningar må ikkje stå i vegen for langsiktig eksistens.

Difor er berekraft satt som det første og viktigaste målet for Ullensvang kommune sin kommuneplan. Berekraft er eit stort omgrep, men til sjuande og





sist handlar det om å gi framtidige generasjonar minst like gode tilhøve som vi har. Tradisjonelt snakkar ein om at berekraft har tre dimensjonar. Miljø, sosial og økonomisk berekraft. Dei fleste tenkjer miljø med ein gong ein seier berekraft, men om ein ser på kva berekraftdimensjon som har fått størst spelerom, så er det åpenbart at økonomisk berekraft har fått styre utviklinga i veldig stor grad. Ein snakkar om ei "Mikke Mus"- berekraft der det økonomiske aspektet er hovedpunktet, med sosial og miljøretta berekraft er øyrene, mindre og meir til pynt.

Det berekrafttrørsla freistar å oppnå i staden er ei kransekake-berekraft. Her ligg den miljøretta berekrafta i botnen og er grunnlaget for all anna berekraft. Om biosfæren vert ubebueleg for menneska, hjelper det ikkje at vi var jamnstilde og rike. Difor må miljøretta berekraft vere premissgivar for alle avgjersler. Om eit tiltak trugar berekrafta vår med tanke på forureining, klima, eller biomangfald, kan ein ikkje tillate det. Tiltak som styrkjer berekrafta vår på dei same punkta må ein støtte opp under.

Sosial berekraft går på det at vi skal ta vare på kvarandre. Ingen person er ei øy. Vi er alle del av eit stort felleskap, både innad i kommunen og utanfor dei administrative grensene vi har teikna opp på eit kart. Den rikaste personen i verda har lite å fara med dersom alle rundt er daude. Difor er sosial berekraft punkt to. Eit samfunn som ikkje tar vare på alle borgarane sine vil historisk ikkje klare å vara. Når skilnadane blir for store, blir ulempene for store for alle innbyggjarane. Difor er det i alle si interesse at ein legg opp til eit samfunn som tar vare på alle. Slik skapar vi eit samfunn som kan utrette mykje meir, fordi mange fleire har tilgang til fleire ressursar og kan nytta dei på ein meir kreativ måte, noko som gir oss fleire og betre løysingar. Mange små veddemål gir lågare risiko enn eit stort.

Til sist kjem økonomisk berekraft. Det er her vi skummar fløten av grunnlaget vårt. Når vi har tatt godt vare på eksistensgrunnlaget vårt, og sørga for at samfunnet tar godt vare på dei svakaste i samfunnet, vil vi kunne hauste av overskotet. Økonomisk utbytte av berekrafta vil vere ei viktig verkemiddel for å sikra at fleire tar initiativ til å sikra dei to grunnleggjande aspekta av berekrafta.

Ullensvang kommune er særleg utsett for manglande berekraft. Dei klimaendringane vi ser byrjinga av no vil ikkje gjere det lettare å vera fruktbonde, industriarbeidar, skikøyrar, innbyggjar eller trafikant i framtida. Næringane i kommunen er alle særleg avhengige av stabile og forutseielege vertilhøve. Bøndene treng regn på rett tid, industriarbeidaren treng at E134 er open, skikøyraren vil ha snø om vinteren på Korlevoll, og at Folgefonna sumarskisenter sine heismaster står sumaren gjennom. Innbyggjarane treng at husa deira ikkje blir tatt av storflaumar og ras, og samfunnet treng at vegane våre er så rassikre som mogleg. Sosialt er vi avhengig av at alle har det så bra som mogleg. Det gjer





oss meir attraktive. Der ein opplever at borna har gode, trygge omgjevnadar, der samfunnet er i stand til å ta vare på deg om du skulle vere uheldig, eller når du vert gammal, er meir attraktive. Økonomisk berekraft er viktig så vi får råd til å gjennomføra alle dei gode tiltaka vi har satt oss føre.

## b. Mangfald

Planen sine mål og strategiar legg vekt på eit auka mangfald. Eit mangfaldig samfunn har fleire ulike tilnærmingar til utfordringar og problem. Dess fleire tilnærmingar ein har, dess større er sannsynet for at ein finn den beste løysinga. Eit mangfaldig samfunn står sterkare under skiftande tilhøve.

Men det er ikkje berre pragmatiske grunnar til å leggja til rette for mangfald. Omsyn til unge, eldre, minoritetar og andre med utfordringar i kvardagen kjem inn under dette temaet. Det er på mange vis på dei minst mektige sitt vegne vi har eit samfunn. Det er deira omsyn vi skal løfte fram. Det er dei vi skal sørge for at får komme med sine meiningar. Dei med sterke meiningar og gode tilgongar til makta har god anledning til å få målbore sine krav og ønsker. Difor legg denne planen opp til at eldre, unge, minoritetar og andre med utfordringar i kvardagen skal ha eit særleg fokus. Eit samfunn tilpassa dei som har minst makt er eit samfunn som er best tilpassa oss alle. På eit eller anna tidspunkt vil vi alle vere del av ein eller fleire av desse gruppene. I solidaritet med oss sjølve legg vi til rette for at alle skal kunne nyte godt av samfunnet og dei tilboda vi har.

Ullensvang kommune er relativt avhengig av to store verksemdar i Boliden og TiZir. Desse har vore, og er viktige og gode aktørar i Ullensvangsamfunnet. Dei har sikra mange arbeidsplassar. Det er likevel uheldig å stola på at dei skal vere bærebjelken til evig tid. Det er viktig å skapa mangfald blant arbeidsplassar, både i storleik og i bransjar. Då er ein meir motstandsdyktig dersom konjunkturedringar gir store utslag for hjørnesteinsverksemdene. Det vil og gjere at kommunen framstår som meir attraktiv for dei familiane der det er to med ulik karriereveg.

Innafor bustadsegmentet er mangfald eit viktig verkemiddel. At det er tilgjengeleg ulike bustadar gjer at det er lettare å tilby den rette bustaden. Ein må ha mange ulike storleikar, lokasjonar og typar. Då kan ein trekkje til seg eit breiare segment innbyggjarar. Det er ikkje alle som er interessert i å bu i bygård, og det er ikkje alle som er interessert i å bu i einebustad med stor tomt. Her bør ein sjå på kva storleikar og typar ein har lite av og sørge for å fylla det underskotet.

Mangfaldet kan og knyttast til ulike stader å bu. Det er eit mangfald i dei ulike busetnadane våre. Alt frå Odda by, via tettstader som Røldal, til alle dei mange små grendene imellom. Vona er at ved å styrke tettstadane, så blir grendene





rundt og meir attraktive. Med eit variert tilbod i tettstadane, så har dei aller fleste tilgang til ein fullverdig kvardag innan 10-15 min

### c. Omdømme

Ullensvang kommune og Odda spesielt har hatt ei utfordring rundt omdømme. No har vi ein gylden anledning til å la eit nytt inntrykk feste seg. Som ein ny kommune bør vi setje alle klutar til for å promotera alle dei gode sidene ved Ullensvang kommune.

Ullensvang kommune har alle forutsetningar for å ha eit særs godt omdømme. Her er det meste av det ein kan draume om i dag. Her kan ein busetje seg med utsikt til berre natur, midt i eit pulserande sentrum, eller noko midt i mellom. Ein kan gå til fjells, i skogen, dra på sjøen, vandre i to av dei vakraste nasjonalparkane i landet. Ein kan arbeide med verdas reinaste industri, guide turistar til Trolltunga, dyrke frukt, eller på anna vis bidra til verdiskapinga.

Det er fem tettstadar som peikar seg ut til å ha særeige identitetar som dei kan dra nytte av i profilering. Det er stader som heilt klart bør kunne bli ein del av den nasjonale kulturidentiteten. Odda, Kinsarvik, Jondal, Lofthus og Røldal. Her har ein trekkplaster, tydelege sentrum og ein allereie etablert stadeigen identitet. Å dyrka det stadeigne, særeigne er viktig i konkurransen om å vera attraktiv for innbyggjarane, tilflyttarane og gjestene.





## 9. Struktur

I prosessen har strukturen endra seg noko. Etter planprogrammet skal ein ha tre hovudsatsingsområde. Sluttresultatet har blitt noko annleis, der ein no har ni mål som ikkje direkte er knytt til eit konkret hovudsatsingsområde. Strategiane er hovudsakleg knytt til eit av ni mål, men kan ofte knytast til andre mål. Tiltaka er dei enkelte politiske vedtak. Dei skal knytast til ein eller fleire strategiar.

### a. Hovudsatsingsområde

I planprogrammet vart det vedteke at ein skal satsa på tre hovudsatsingsområde: Bustad, Næring og Kultur- og Reiseliv. Dei er tenkt at skal vere hovudsatsing utover planperioden, då dei er grunnsteinane for utvikling i Ullensvang kommune. Dette har vore førande for arbeidet med KPS, og nytta som eit sett briller ein har sett på Ullensvang. Etterkvart som prosessen har skride fram har trongen for desse brillene blitt mindre og mindre, og ein ser at det som i utgangspunktet var tenkt som eit mål for satsing på næring, i realiteten òg er satsing på både bustad og kultur/reiseliv. Difor er desse tre hovudsatsingsområda ikkje tatt med i sluttproduktet. Dei har likevel vore eit viktig reiskap for å organisera arbeidet.

### b. Mål

Mål bør vere langsiktige og konkrete. Dei må prioritere, slik at ikkje alle ynskjer kan heimlast i kommuneplanen. Difor skal måla gjelde i heile planperioden. Dei skal gi dei lange linjene for korleis kommunen skal prioritere. Måla er der vi ønskjer å vera i 2032. Planen legg opp til at i 2032 skal ein kunne krysse av på at alle ni måla stemmer for Ullensvang kommune.

Måla er formulert av det sitjande kommunestyret og administrasjonen, slik at det skal vere mogleg for eit breitt utval av politiske konstellasjonar å stilla seg bak dei. Måla er konkrete og målbare, utan at ein seier noko om korleis ein kjem seg dit. For at planen skal vere gyldig og relevant i heile planperioden, og gjennom tre potensielt veldig ulike kommunestyrrer, er det viktig at planen har nokre lange linjer som det er brei semje om, samstundes som det er opning for kursjusteringar, skulle det politiske landskapet endre seg dramatisk.





## Berekraft er grunnleggjande i Ullensvang kommune

Kva meiner vi med dette?

Berekraft er å leggja til rette for å oppretthalda dagens situasjon utan å gå på villkår med framtida si evne til å utvikla, leva og eksistera eigne premiss. Berekrafta har ulike fasettar: økonomi-, sosial- og miljøretta.

Den miljøretta berekrafta er grunnfjellet som gjer at vi kan eksistera. Rein luft, vatn og jord, biologisk mangfald, stabilt klima, ivaretaking av biotopar.

Den sosiale berekrafta er samspelet mellom folk. At ein rettar samfunnet inn slik at det tar vare på alle. At ingen fell utanfor.

Den økonomiske berekrafta sørger for at vi har eit vedvarande økonomisk overskot som vi kan hauste av, og videreutvikla dei ressursane vi har.

Ingen av desse fasettane skal gå på kostnad av dei andre. Likevel er det eit hierarki. Miljøretta berekraft vil alltid vere grunnleggande, då det er basis for vår eksistens. Utan miljøretta berekraft er det ikkje mogleg å eksistera i eit langsiktig perspektiv. Sosial berekraft er limet som held samfunnet saman, som gjer at det ikkje oppstår for store ulikskapar og med det uro. Økonomisk berekraft er fløten ein skummar av på toppen og reinvesterer i å skapa så gode tilhøve som mogleg.

Kvifor gjer vi dette?

Samfunn som ikkje er tufta på berekraft har ikkje forutsetninga for å vara. Berekraft er ingen garanti for suksess og vekst, men det er ei forutsetning for langvarig eksistens. Det er mange eksterne faktorar ein ikkje har kontroll over, men om ein ikkje har berekrafta på plass, vil ein før eller seinare undergrave sin eigen eksistens.

Ullensvang kommune er ein kommune som i særleg grad er avhengig av eit stabilt klima. Difor må miljøretta berekraft vere grunnfjellet i alt vi foretar oss. Både næringsmessig, med kraftutbygging som er avhengig av snø om vinteren, industriverksemder som er lokalisert her med tanke på jamn og stabil kraft, og





landbruk som er prisgitt værgudane sine luner.

Struktur- og kommunikasjonsmessig er Ullensvang i ei særstilling med flest raspunkt langs vegane i Norge. Med endra klimatilhøve vil dette truleg bli verre, med auka nedbørsmengder, og vekslende temperaturar som gir auka fare for alle typar ras og skred.

For reiseliv er eit stabilt og forutseieleg værsystem ei forutsetning for å kunna tilby opplevingar.

Sosial berekraft sørger for at innbyggjarane trives der dei bur og kan bu der heile livet, frå vogge til grav. I dag har Ullensvang ei utfordring i at dei i etableringsfasen får færre born, dei som vil ha høgare utdanning må flytte vekk, og dei som er ferdig utdanna ikkje flyttar hit. Born og unge i medverknadsprosessen legg vekt på at det ikkje er nok møteplassar som er lagt til rette for deira ønsker. Dei har ikkje reelle tilbod utover nokre få idrettstilbod og kulturskulen og kollektivtilbodet er i stor grad ikkje tilpassa deira daglegliv. Dei i familiefasen saknar fritidstilbod for vaksne, særleg ute i bygdene. Det er ønsker om meir variert uteliv, kulturliv og levande lokalsamfunn.

Den økonomiske berekrafta er og veldig viktig for ein kommune. Utan det vil framtidige forpliktingar gjere at det blir umogleg for kommunen å tilby dei tenestene ein har lagt til rette for. Om ein ikkje har oversikten over framtidige utgifter og inntekter, kan ein ikkje vere sikker på at ein kan oppretthalde tilbod.

Kva er konsekvensane av dette?

Alle satsingar frå politisk hald skal ta omsyn til berekraftomgrepet. Det skal og prioriterast mellom miljøretta, sosial og økonomisk berekraft. Miljøet skal vurderast først, så det sosiale, og til sist det økonomiske aspektet. Ein skal ha tatt høgde for alle kjende eksternalitetar og framtidige forpliktingar.

Tiltak skal helst betre berekrafta, og tiltak som er øydeleggjande for eit eller fleire aspekt ved berekrafta bør sterkt fraråast. Ei slik vurdering skalein gjere for alle dei tre fasettane av berekraft i prioritert rekkefølge.

## Ullensvang kommune er aktiv tilretteleggjar og pådrivar

Kva meiner vi med dette?

Ullensvang kommune skal vere ein aktiv part i å få ting til å skje. Ein skal vere fødselshjelpar for dei prosjekta som treng starthjelp. Administrasjonen og dei folkevalde skal vere på tilbodsida og aktivt oppsøkje og leggje til rette for dei tiltaka, verksemdene, innbyggjarane og aktivitetane ein ønskjer i kommunen.

Kvifor gjer vi dette?

I kommunar med lågt folketal er det færre til å ta initiativ til prosjekt. Då blir kommunen ein viktig pådrivar for å få ting til å skje. I ein kommune som





Ullensvang, der ein har lågt folketal, store avstandar og eit isolert arbeidsmarknad kan t.d. små tilhøve lokalt gjere det vere utfordrande å få kundar, tilskodarar eller brukarar, særleg i ein oppstartsfase. Då vil kommunen vere ein viktig støttespelar for oppstart av nye verksemder. Ved å hjelpa mange nye, lokale aktørar vil ein sørge for større lokal sirkulasjon i økonomien. Det vil og kunne føre til etablering av viktige verksemder for framtida. Det er vanskeleg å spå, særleg om framtida, og då er det ein god strategi å ha mange små satsingar som alle har potensiale for å bli noko stort, men som kvar for seg ikkje har potensiale for velte økonomien.

Kva er konsekvensane av dette?

Kommunen må ha ei medviten haldning til kva ein ønskjer å etablere. I ein kommune der byggbart land er ein dyrebar ressurs, bør ein t.d. ikkje leggje til rette for arealkrevjande verksemder. Verksemder som har ei lokal tilknytning, der eigarar og drifta blir ein del av ein lokalt sirkulær økonomi bør ein særleg setje stor pris på.

Kommunen er med å gjødsle og vatne litt på dei mange frøa som innbyggjarane har sådd. Det vere seg verksemder, aktivitetar, arrangement eller andre initiativ. Det som er viktig er at det er på initiativ frå innbyggjarane. Ein del av desse frøa vil ikkje spire, men om kommunen har laga godt nok jordsmonn vil nokre av frøa bli til grasplen, nokre blir til blomar, og nokre blir til store tre. Men ein veit ikkje på førehand kva ein har sådd.

## Ullensvang er verdskjend for friluftsliv, mat og kultur

Kva meiner vi med dette?

At Ullensvang har eit omdømme ut over landegrensene for vakker natur med godt tilrettelagt friluftsliv, mat og drikke av særst høg kvalitet og karakter, og spanande, nyvinnande kulturuttrykk.

Kvifor gjer vi dette?

Hardangersideren vinn internasjonale prisar i fleng, og Trolltunga er eit bucketlist-mål verda rundt. Men Ullensvang har mykje meir å by på. Frukta, både som mat og oppleving gjennom bløming og den eksotiske betalingsmåten basert på samvit. Fonna der ein kan gå på ski om sumaren, og Seljestad og Røldal der ein kan gjere det om vinteren. Stavkyrkja i Røldal er eit naturleg kulturtilbod som allereie trekkjer turistar.

Kva er konsekvensane av dette?

Det er politisk vedtatt at Ullensvang kommune skal vere friluftshovudstaden i Norge. Mat, kultur og friluftsliv må vere sentralt i kommunen sitt reklamemateriell. Ein må satsa på dette som attraksjon for vitjande, fastbuande og tilflyttarar.





## LKR-sentra er attraktive stader å bu, leva og jobba for alle


Kva meiner vi med dette?

At LKR-sentra er stader der alle grupper kan skape seg eit kvardagsliv med arbeid, bustad og dei viktigaste tilboda. At tettstadane er attraktive for dei som vil bu i kommunen. At det er mogleg å bu, leva og jobba i tettstadane, sjølv om ein har utfordringar i kvardagen. At born i alle aldrar har trygge og gode oppveksttilhøve. At alle kan nytta og nyta sentrum på ein trygg og praktisk måte. At eldre kan bu heime så lenge som mogleg i eit lokalsamfunn som tar i vare deira behov. At heile kommunen har tilbod i rimeleg avstand.

Kvifor gjer vi dette?

Den sosiale berekrafta er ein viktig berebjelke i eit lokalsamfunn. Ein viktig komponent av dette er at det skal vere mogleg for alle innbyggjarane å ha gode liv i tettstadane våre. Når vi gjer tettstadane betre tilrettelagt for fleire brukarar, vil vi og favne eit breiare segment som kan tenkje seg å busetja seg i kommunen. Samstundes gjer vi det lettare for mange av dei som allereie bur her.

Det er stadig større andel eldre i Ullensvang. Dette er viktig at ein tar omsyn til når ein gjennomfører tiltak i LKR-senter. Dersom ein legg til rette for at dei kan bu heime lenger, vil ein kunne spare store summar i eldreomsorgen. Tettstadar tilpassa dei med





rørslehemmingar og dei eldre er og godt tilrettelagt barnefamiljar. Eldre og små born har mange av dei same krava til gode nærområde. Dei set pris på korte avstandar, fast underlag som det er lett å rulla på, oversiktleg trafikkbilete, mange sitjeplassar og mange små offentlege rom.

Kva er konsekvensane av dette?

Meir fokus på fortetting i LKR-sentra. Legge opp til kortare avstandar mellom nye bustadar og tilbod. Meir areal tilrettelagt på dei mjuke trafikantane sine vilkår. Det skal vere lettare å byggja bustadar nær skular og barnehagar, butikkar og andre viktige daglege tilbod. Gater skal vere utforma slik at det er lett å komma seg rundt for dei som har rørslehemmingar. Opne for strøtomter og bustadsbygging i alle busette grunnkrinsar, men avgrense kommunen sitt engasjement til definerte sentrumsområde.

## Ullensvang har levande bygder og sterke sentrum i utvikling

Kva meiner vi med dette?

At bygdene i kommunen skal få best mogleg vilkår for å ha eit levande bygdeliv, og samstundes skal eksisterande sentrum styrkast og drive utviklinga i kommunen.

Kvifor gjer vi dette?

Busetjinga i Ullensvang kommune er veldig variert. Frå hardangerbyen Odda til små grender langs fjord og i fjelldalar. Urbant, i byggjefelt og på gardar med langt til næraste nabo. Alle desse stadane har viktige og gode kvalitetar. Alle desse stadane skal ein freista å ta vara på så godt som mogleg.

Kva er konsekvensane av dette?

Viktige tenester skal oppretthaldast slik at flest mogleg har eit tilfredstillande tilbod i relativ nærleik. Kommunen skal leggje til rette for utvikling av tettstadane for å styrkja desse, slik at dei kan tenestegjere omlandet sitt. For bygdene og grendene utanfor tettstadane nyttar ein LNF-spreidd, slik at det skal vere mogleg å busetje seg der, utan at ein treng store investeringar.

## Turismen er positiv for Ullensvang kommune

Kva meiner vi med dette?

At turismen er eit positivt innslag i Ullensvangsamfunnet, og at alle næringsdrivande og fastbuande skal sjå ei positiv side av turismen for deira verksemd og kvardagsliv. Turismen skal gjere at tilboda for dei fastbuande får høgare kvalitet. Turistar som nyttar lokale tilbod gjer at desse verksemdene har ein buffer og kan tilby tenester utanom sesongen til dei lokale.





### Kvifor gjer vi dette?

Ullensvang er atter ein turismekommune i vekst. Innan reiselivssektoren var det i 2018 like stor verdiskaping per person i Ullensvang som i Bergen. Ein auke i turismen har ført til vekst, men og utfordringar. Ein skal redusera dei negative effektane av turismen, og forsterka dei positive sidene. Ein vil gjerne at alle gjestene til kommunen skal bruke lenger tid og nytte og nytte meir og fleire av tilboda i kommunen, og slik bidra til auka verdiskaping.

### Kva er konsekvensane av dette?

Ein skal leggje vinn på at fleire skal kunne dra nytte av turiststraumen. Det vil bli viktig å gjera reiselivet så berekraftig som mogleg. Det vil og gjera det enklare for innbyggjarane i kommunen å velga berekraftig. Då turismen i stor grad er sesongbasert, om det er skisenter i Røldal eller guida turar til Trolltunga, er det ei ønska utvikling å skapa fleire heilårsjobbar innan reiselivsbransjen. Intensjonen om å skapa heilårsarbeidsplassar skal nåast ved å leggja til rette for samarbeid mellom lokalt reiseliv, region- og landsdelselskap. Der det er stor trafikk og sårbare område, vil ein setje restriksjonar på ferdsel for å sikra at desse områda blir minst mogleg utsett for slitasje. Dei negative konsekvensane av turismen skal og minimerast





## Kultur-, idretts- og reiselivet i Ullensvang er inkluderande

Kva meiner vi med dette?

Kultur-, idrett- og reiselivet skal vere tilgjengeleg for alle. Det skal særleg leggjast til rette for rørslehemma, framandspråklege, dei som er busett i utkantane av kommunen og andre utsette grupper.

Kvifor gjer vi dette?

Kommunen er eit styringsorgan som skal ta alle innbyggjarane sine i vare. Då er det ekstra viktig at ein tar vare på dei svakaste, dei som har utfordringar og dei som fell utanfor. Kultur, idrett og reiseliv er viktige delar av eit fullverdig liv. Ullensvang kommune ønskjer difor at flest mogleg skal ha anledning til å delta i flest mogleg aktivitetar og tilbod.

Kva er konsekvensane av dette?

Alle kultur-, idrett- og reiselivstilbod skal ha tilrettelegging for at alle skal kunne delta, antan som aktiv deltakar, som ressursperson, eller tilskodar. Ein må ha ei variert kultur og idrettstilbod i heile kommunen, slik at det er tilgjengeleg nær der folk bur. Biblioteka og kulturskulen må styrkast og få utvida mandat, til å inkludera fleire funksjonar. Kultur- og idrettstilboda skal vere viktige arenaer for integrering av framandspråklege. Reiselivet må leggje til rette for at det skal vere lett å komma til Ullensvang som rørslehemma, og delta på eit variert tilbod. Lavterskeltilbod må vedlikehaldast og etablerast slik at det blir lett å nytta dei.

## Ullensvang har tilfredsstillande infrastruktur

Kva meiner vi med dette?

Trafikkavvikling, infrastruktur for mjuke trafikantar, internett, vatn og avløp og andre viktige infrastrukturløysingar skal fungere tilfredsstillande. Det skal vere mogleg å trygt og behageleg ferdast i og mellom tettstadane i kommunen, uavhengig av kva reisemåte ein nyttar.

Kvifor gjer vi dette?

Der ein investerer i og vedlikehald infrastruktur blir det lettare å omsetja varer og utveksle idear, noko som i seg sjølv gir vekst. Der ein legg stor vekt på vedlikehald held ein og kostnadane ved vedlikehaldet nede, då det å vedlikehalda noko som er i god stand er enklare og billegare enn å ta igjen eit stort etterslep. Gjennom tidleg og vedvarande vedlikehald sparar ein midler som ellers ville gått til å retta opp skader. Tilfredsstillande infrastruktur vil sørge for at Ullensvang kan vekse, ha gode tettstadar tilpassa alle brukarar, og bli meir miljøvenleg.

Kva er konsekvensane av dette?

Etablering av gang og sykkelveg ved alle oppgraderingar av veg i nærleiken til buområde. Ved større utbetringar av veg mellom tettstadar skal det greiast ut om





det er mogleg å etablera gang og sykkelveg. Ein må jobbe inn mot statlege og regionale folkevalde for å få prioritet på større kommunikasjonsprosjekt som får positive konsekvensar for kommunen. Tilpassing av ferjetilboda til folk sin kvardag, utviding av snøggbåttilbodet der det er hensiktsmessig. Tettstadane må først og fremst vere tilrettelagt for mjuke trafikantar. Ein må leggje stor vekt på vedlikehald av eksisterande infrastruktur, og ny infrastruktur må gjennom ei nøye vurdering for å fastsetja samfunnsnyttan, og at ein har kapasitet til framtidig vedlikehald.



## Ullensvang har eit unikt, allsidig og aktivt næringsliv

Kva meiner vi med dette?

Unik: At vi fortset å satsa på dei delene av næringslivet som er unike. Kva er våre fordelar, og korleis kan ein vidareutvikle desse? Korleis skil vi oss ut frå nabokommunar, konkurrentar? Korleis kan dei spanande næringsvegane i kommunen bidra til å gjera oss meir attraktive.

Allsidig: At vi ikkje legg alle eggja våre i ei kurv, men satsar på å ha eit næringsliv med mange ulike bransjar. At ein har eit breitt spekter av arbeidstakarar. At det er låg terskel for å få delta i arbeidslivet.

Aktivt: Eit næringsliv som utforskar kvar dei kan skape nye produkt, nye nisjer og nye marknader. Eit næringsliv som er pådrivar for utvikling i kommunen. At næringslivet tar ei aktiv rolle i alle deler av samfunnet, og aktivt framsnakk kommunen, verksemdene og tilboda her.

Kvifor gjer vi dette?

Å vere unik er ein fordel, då tilbyr ein noko andre ikkje gjer. I Ullensvang er ein allereie unik på fleire område. Industrien er etter omfattande innsats verdas



reinaste, og står på trappene til å bli endå reinare. Landbruket produserer frukt, sider, melk og kjøtt som er i verdensklasse. Naturen er openbart ein fordel, som er verdskjend både via sosiale medier, litteratur og film.

Som kommune med to store verksemder som drivkraft er det særleg viktig at ein skapar eit allsidig næringsgrunnlag som ikkje er direkte avhengig av å levera til dei få store aktørane. Å vera avhengig av få aktørar eller element gjer at ein stiller seg særleg sårbar for endringar. Spesialisering gjer at ein blir dyktig men sårbar.

Eit samfunn som klarar å ta godt vare på alle sine innbyggjarar er eit sterkare samfunn. Og ein viktig del av det å ta vare på innbyggjarane er å sørge for at dei har eit verdig liv. Ein viktig del av dette er å ha eit arbeid å gå til, ei kjensle av verdi, at ein bidrar. Å sørge for at dei som ikkje er ein del av det alminnelege arbeidslivet får anledning til å delta gjer at dei kjenner seg meir som del av samfunnet og vil truleg føre til mindre og færre ugifter andre i t.d. sosialbudsjettet.

Som ein relativt liten kommune i folketal er ein heilt avhengig av at alle drar saman. Når det skjer noko må alle bidra. Difor bør alle verksemder og representantar for kommunen framsnakke alt det som skjer i kommunen. Kulturlivet er kanskje den mest undervurderte faktoren for å trekkja til seg nye innbyggjarar. Det er i verksemdene si eigeninteresse å promotera og støtte hendingar og arrangement innan det utvida kulturomgrepet.

Kva er konsekvensane av dette?

Kommunen og verksemder må vere ambassadørar for alt som skjer i kommunen, ikkje berre for sine eigne aktivitetar og produkt. Kommunen skal gjennom arealdisponering leggje til rette for nyetablering av verksemder. I sentrumsområda skal ein etablere og vidareutvikle strukturar som støttar opp om mangfaldig og sjølvstendig næringsliv. Arbeidsplassar tilpassa dei som fell utanfor det vanlege arbeidslivet skal oppmuntrast.

## c. Strategiar

KPS vil i praksis ha tre faser, ein for kvart nye kommunestyre i planperioden. Dei tre fasane vil vere oppstart, utvikling og justering, og vidareføring og klargjering for ny planperiode. Og det er her strategiane kjem inn. Der måla er gjeldande for heile perioden, vil strategiane som regel vere ulike i dei ulike fasane.

Strategiane er konkretiserte framgangsmåtar dei folkevalde og administrasjonen skal nytte for å oppnå måla over. Kvart nye kommunestyre skal gå gjennom strategiane for å oppdatera dei, etter dei endringar som har skjedd i det politiske landskapet og for å retta seg til den fasen ein er inne i. Då vil framgangen til strategiane i førre runde vere viktig. Slik skal planen halde på dei lange linjene





gjennom måla, og vere open for ulike politiske koalisjonar gjennom strategiane. Det gjer at politikarane får eigarskap til planen og faktisk nyttar den i sine vurderingar av saker. Det gir ein legitimitet som kan vere utfordrande å få til.

## d. Tiltak

Her møter politikken bakken. Tiltak er konkrete vedtak i enkeltsaker og skal difor knyttast opp til budsjett. Desse skal knyttast til ein eller fleire strategiar, og med det vere med på å styra mot måla i KPS.





## 10. Tilhøve til andre planar

### a. Planstrategi

Arbeidet med ny planstrategi er tenkt starta opp når ein legg samfunnsdelen ut til første gangs handsaming.

### b. Arealdelen

Arealdelen er tenkt starta opp etter at samfunnsdelen er lagt ut til første gangs handsaming.

### c. Strategiske planar

### d. Statlege og regionale føringar

#### FN sine berekraftmål

FN sine berekraftmål er 17 hovudmål og 139 undermål som skal sørge for at ein legg opp til berekraftig utvikling og langsiktig planlegging. Desse er meint å vera førande for all planlegging og aktivitet i Norge og dei landa som har anerkjent dei. Dei har fokus på ei berekraft der ein legg den miljømessige berekrafta som grunnlag for å oppnå sosial berekraft og økonomisk berekraft. Det siste blir av mange sett på som eit sluttresultat av at ein har oppnådd miljømessig og sosial berekraft. I dag har dei aller fleste økonomisk berekraft som første prioritering, med dei to andre aspekta kjem i bakgrunnen og vert nedprioritert i møte med "økonomiske realitetar"

Plangrep:

- Mål 1: Berekraft er grunnleggjande i Ullensvang kommune
- Mål 4: LKR-senter er attraktive stader å bu, leve og jobbe for alle brukargrupper
- Mål 5: Ullensvang har levande bygder og sterke sentrum
- Mål 7: Kultur-, idretts- og reiselivet er inkluderande
- Berekraftsmåla er målestokk for mål og strategiar i KPS
- Berekraftsmåla er nytta aktivt i utarbeidinga av mål og strategiar.

#### Nasjonal Transportplan 2018-2029

NTP legg føringar for dei større samferdsletiltaka i landet. For Ullensvang Kommune sin del er E134, Rv13 og Hordalandsdiagonalen viktig. For E134 og Rv13 er stykkevisse utbetringar og rassikring eller tunnelar dei viktigaste grepa. For Hordalandsdiagonalen ynskjer Ullensvang kommune at det skal utarbeidast ein KVU.

Plangrep:

- Mål 8: Ullensvang har tilfredsstillande infrastruktur





- Kommuneplanen har som mål at Ullensvang kommune skal ha tilfredstillande infrastruktur innan 2032. Det inneber utbetring av E134, RV13 og KVU for Hordalandsdiagonalen.

### Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023

Kommunane har auka ansvar for å sikra nasjonale og viktige regionale interesser.

Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- Å skapa eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skapa eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offansiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skapa eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skapa eit trygt samfunn for alle

FN sine berekraftsmål skal vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

Plangrep:

Berekraft er grunnleggjande i heile planen. Alle tre faktorane i berekraftomgrepet er godt integrert i planen. FN sine berekraftsmål har blitt nytta i utarbeidinga av planen.

### Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging

God planlegging er grunnleggjande for at born får trygge oppvekststilhøve, og god helse. Det inneber mellom anna å leggje til rette for aktivitetsfremjande miljø som opnar for variert sosialt samvær, leik og utfolding.

Born og unge ha lovfesta rett til å bli høyrte i all plan- og byggesakshandsaming.

Plangrep:

Born og unge har vore særleg invitert til å delta i innspelsfasen av kommuneplanen sin samfunnsdel. Born og unge sine omsyn har blitt særleg vektlagt i strategiane og måla i KPS.

### Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen

Langs 100-metersbeltet langs sjø er målet å ta i vare ålmenne interesser og unngå uheldig utbygging langs sjøen. Det skal gjennomførast ei sterkare geografisk differensiering, der vernet er strengast i sentrale område, der presset på areala er stort. Retningslinjene utdjupar lova og gir statlege føringar for kommunane si planlegging.

Plangrep:

Nytte strandsonerearealet der det allereie er bygd ut, med vern av areal i strandsona der det ikkje er gjort inngrep, og der det er særlege interesser som ein må ta omsyn til. Dette blir meir utdjupa i kommuneplanen sin arealdel.





### Regional plan for Hardangervidda

Hovudmålsettingane i planen er:

- Sikre villreinen tilstrekkelege leveområde og langsiktig gode livsvilkår
- Sikre lokalsamfunna rundt Hardangervidda gode opningar for nærings- og bygdeutvikling
- Leggje til rette for friluftsliv og naturbasert næringsliv.

Plangrep:

Mål 3: Ullensvang er verdskjend for friluftsliv, mat og kultur.

Mål 6: Turismen er positiv

Mål 9: Eit unikt, allsidig og inkluderande arbeidsliv

### Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik på veg

Planen set mål for trafikktryggleik på veg, mellom anna måltal for tal døde og hardt skadde i trafikken. Utgangspunktet er nullvisjonen, dvs at det ikkje skal vere døde eller hardt skadde i trafikken. Planen går fram til 2030, og har ei rekkje ulike delmål som ein kan nytte som utgangspunkt i kommuneplanarbeidet.

Plangrep:

- Mål 4: LKR-sentra er attraktive stader å bu, leva og arbeida for alle
- Leggje opp til meir og fleire gang- og sykkelveggar
- Leggje opp til fleire sentrale bustadar, der ein er mindre avhengig av bil
- Leggje opp til at sentrumsområde skal ha fartsgrense 30 km/t
- Leggje opp til fleire bilfrie område

### Statlege Planretningslinjer (SPR) for samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging

Retningslinjene skal oppnå samordning av bolig-, areal-, og transportplanlegging for å få betre samfunnsøkonomisk effektiv ressursnyttning, god trafikktryggleik, og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikla bærekraftige byar og tettstader, leggje til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremje helse, miljø og livskvalitet.

Plangrep:

- Mål 4: LKR-sentra er attraktive stader å bu, leva og arbeida for alle
- Mål 5: Ullensvang har levande bygder og sterke sentrum
- Fortetting av eksisterande sentrum
- Større fokus på kollektivtransport
- Lågare/fråverande krav om parkeringsplassar i tilknytning til bustadar og verksemder

### Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging T1442/2016

Retningslinjene skal sørge for at støyproblematikk blir integrert i planlegginga, og at planlegginga sikrar at dei negative verknadane av støy blir redusert, eller eliminert.





## Plangrep:

- Mål 8: Ullensvang har tilfredstillande infrastruktur
- Vegar med potensiale for støy nær støyfølsomme funksjonar skal ha redusert fart

SPR for klima og energiplanlegging og klimatilpassing

Retningslinjene skal sørge for at offentlege planar skal stimulere til, og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, samt auke miljøvennleg energiomlegging.

Planlegginga skal og bidra til at samfunnet vert forberedt på og tilpassa klimaendringane.

## Plangrep:

- Mål 2: Ullensvang kommune er aktiv tilretteleggjar
- Mål 4: LKR-sentra er attraktive stader å bu, leva og arbeida for alle
- Mål 7: Kultur-, idretts- og reiselivet i Ullensvang er inkluderande
- Byggjeområder må tilpasse seg klimajusterte flo- og flaummål.
- Større krav til overvasshandsaming i byggjeområder
- Større restriksjonar i rasutsette områder
- Bonus i reisegodtgjersle ved val av miljøvennleg reiseveg.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026

Denne planen legg fast at ein skal ha ei hierarkisk tilnærming til tettstadane i kommunen, og regionen. Under er det vist inndelinga i Ullensvang Kommune som er nytta i Bustadsplanen for Ullensvang Kommune. Dette vil naturleg få føringar for kvar kommunen skal satse. Det er her planen hentar sitt omgrep LKR-senter frå. Det står for Lokal-, Kommunedel-, og Regionsenter.

Senternivå	Stad
Regionsenter	Odda
Kommunedelsenter	Jondal og Kinsarvik
Lokalsenter	Røldal, Utne
Nærsenter	Alle andre bygder

Planen vil vere viktig for kvar kommunen satsar på busetjing, arbeidsplassar, kulturtilbod, og korleis ein organiserar seg på dei ulike tettstadane.

## Plangrep:

- Mål 2: Ullensvang kommune er aktiv tilretteleggjar
- Mål 4: LKR-sentra er attraktive stader å bu, leva og arbeida for alle
- Fokuserer på fortetting av tettstadane.
- Leggje kommunale tilbod til dei tilsvarande senternivåa
- Utvikling utanfor LKR-senter er basera på private initiativ





### Regional kystsonesplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger.

Denne planen omfattar kun areal i tidlegare Jondal Kommune.

Føremålet med planarbeidet er å sikra ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og Ytre Hardanger.

Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.

Planen har ein tidshorisont på 12 år og vart vedtatt i 2015.

Planen vil vere viktig for næringsutvikling og friluftsliv i sjø, samt legg føringar for kommunikasjon på vatnet.

### Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, Premiss: kultur

Fram til regional plan for kultur i Vestland er vedteken, er det denne planen som er gjeldande for Ullensvang.

Regional kulturplan legg til grunn at kultur har ein klar eigenverdi og er ein viktig utviklingsfaktor innan alle samfunn. Visjonen er at Hordaland skal vere ein leiande kulturregion.

#### MÅL I KULTURPLANEN:

1. Hordaland skal ha ein offensiv kulturpolitikk.
2. Kulturpolitikken skal fremje demokrati og ytringsfridom.
3. Hordaland skal ha eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv, med tilgang for alle.
4. Kulturpolitikken skal fremje og støtte eit sterkt frivillig kulturliv.
5. Hordaland skal ha eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremjar skapande og frie kunstuttrykk.
6. Kulturpolitikken skal identifisere og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland er eller kan vere leiande.
7. Berekraftig utvikling og forvaltning av landskap, miljø og anlegg skal gje grunnlag for eit rikt kulturliv i heile fylket.
8. Kultur skal vere integrert i utviklinga av alle samfunnsområde, med kvalitet i både tradisjonar og nyskaping.

Barn og ungdom har spesiell merksemd innan alle målområda og er eit gjennomgåande tema i planen.





### Regional Transportplan 2018-2029

Planen er ein langsiktig regional strategiplan for utvikling av transportsektoren i Hordaland.

RTP Hordaland har som mål å styrkja fylkesvegnettet, at kollektivtransporten skal gi eit samanhengande grunntilbod, at regionsenter Odda skal vere tilrettelagt for effektiv og miljøvenleg transport, og at ein skal leggja til rette for låg- og nullutsleppsamfunnet.

Regional plan for Hardangervidda 2011-2025

Denne planen er under rulling i løpet av 2019.

Regional plan for Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane, og Setesdal austhei

Planen skal sikre omsynet til villreinen gjennom fire omsynssoner. Desse omsynsonene legg føringar for kva kommunen kan foreta seg i dei ulike områda.

Plangrep:

- Mål 1: Ullensvang har berekraft i fokus
- Mål 6: Turismen er positiv for Ullensvang kommune
- Mål 7: Kultur-, idretts- og reiselivet i Ullensvang er inkluderande
- Ta omsyn til villreinen sine krav i, og nær omsynsonene

### Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017

Denne planen er noko overordna, og legg fram strategiar for korleis ein kan leggje til rette for næringsutvikling i Hordaland og i regionen. Denne planen skulle ha tidshorisont fram til 2017, men det er ikkje starta prosess med rulling p.t. så det er stort sannsyn for at ein bør leggje denne planen til grunn for arbeidet med næringsutvikling. Tal og framskivingar i denne planen vil truleg vere noko utdaterte, då det har vore økonomiske svingingar i planperioden.

### Klimaplan for Hordaland 2014-2030

Klimaplanen er ein regional klima- og energiplan i medhald av plan- og bygningslova. Den tar opp tre utfordringar – korleis vi kan redusere utsleppa av klimagassar, korleis energibruken kan bli meir effektiv og med meir fornybar energi, og korleis vi kan tilpasse oss til klimaendringane.

Denne planen har konkrete mål og tiltak ein kan gjennomføre for å nå desse måla, som gjer det lett å implementera dei i lokalt arbeid.

Plangrep:

Her er det så mange konkrete tiltak at det ikkje lar seg gjere å lista opp alle.

### Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021

Denne planen er under rulling.

Denne planen skal leggje føringar slik at ein oppnår ei bærekraftig forvaltning av vassressursane i regionen. Planen har kartlagt alle vassressursane i regionen med





tanke på økologisk tilstand, og satt mål for når ein skal oppnå ulike standardar for vasskvalitet.

Leve heile livet. meld. St. 15 2017-2018

*Reformen Leve hele livet skal bidra til at eldre kan mestre livet lenger, ha trygghet for at de får god hjelp når de har behov for det, at pårørende kan bidra uten at de blir utslitt og at ansatte kan bruke sin kompetanse i tjenestene. Meldingens hovedfokus er å skapa et mer aldersvennlig Norge og finne nye og innovative løsninger på de kvalitative utfordringene knyttet til aktivitet og fellesskap, mat og måltider, helsehjelp, sammenheng og overganger i tjenestene.*

Plangrep:

- Mål 2: Kommunen er aktiv tilretteleggjar
- Mål 4: LKR-sentra er attraktive stader å bu, leva og arbeida for alle
- Mål 5: Levande bygder og sterke sentrum i utvikling
- Mål 7: Akseptabel infrastruktur



